

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

19. oktober 2018

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Merknad til høyring av søknad om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebærånæ i Lindås kommune

Eide Fjordbruk AS og EWOS Innovation AS søker om løyve til å utvide arealet og maksimalt tillaten biomasse (MTB) for oppdrett av laks og aure på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune.

Det vert søkt om å skifta ut det eksisterande stålanlegget med eit nytt anlegg med 6 stk. plastringar i 90 x 90-meters rammer. Fôrlåten skal ligge på sørsida av anlegget. Anlegget vert liggjande innanfor areal avsett til akvakultur i kommuneplanen til Lindås kommune.

Lokaliteten er i dag godkjent for ein produksjon på 1560 tonn MTB, og selskapa søker om å auke denne til 3120 tonn. Bakgrunnen for søknaden er at Eide Fjordbruk vurderer Eikebærånæ som ein svært god lokalitet med gode produksjonsresultat gjennom mange år, med lite sjukdom, lavt lusenivå og gode resultat frå MOM B-undersøkingar både i 2013, 2015 og 2017.

Søknaden inneber ein kraftig auke i produksjon og dermed auka fare for sjukdom som kan spreia seg til anlegg som berre ligg 1 km frå lokaliteten på Eikebærånæ. Her vil Naturvernforbundet minna om at det på grunn av smittefaren ved nyetableringar er krav om 3-5 km til næraste naboanlegg, jfr. Mattilsynet sitt regelverk. Denne regelen meiner vi òg må gjelda ved utvidingar som den i Eikebærånæ.

Om kommunen likevel er positiv til utvida drift, meiner vi det må stillast krav om lukka anlegg, t.d. gjennom utviklingskonsesjon slik det m.a. er gjort i Masfjorden.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland